



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lars Kringstad, 71 25 84 50

Ørsta kommune.

Fråsegn til søknad om uttak av grunnvatn i Barstadvik til landbasert oppdrett. AquaGen AS - avd. Profunda.

Det blir etter vassressurslova § 45 søkt om å få ta ut grunnvatn; maksimalt 2250 m³/døgn (26 l/s) og eit gjennomsnittleg uttak på 505 000 m³/år (16 l/s). Det vart i 2015 gitt løyve til å ta ut maksimalt 9,7 l/s. Det er bora ei rekkje ferskvassbrønnar på tvers av dalen og gjennom testing og prøvepumping er 12 av desse valt ut for å inngå i produksjonen.

I nedbørsfeltet til brønnane ligg Kokelva og Storelva (Barstadvikelva). Sistnemnde har oppgang av laks- og sjøaure. Det går fram av søknaden at vassuttaket i hovudsak vil stamme frå nedbør som infiltrerast i sjølve grunnvassmagasinet, medan resten i stor grad vil kome frå naturleg grunnvasstrauming utover dalen. Etter det vi forstår vil kalde og tørre periodar vere avgrensande for grunnvasstraumen. Det går likevel fram at det er dårleg hydraulisk kontakt mellom brønnane og elvene. Verknadene på det akvatiske miljøet vil derfor vere ubetydelege. I søknaden er moglege verknader på naturmiljøet gjort greie for. Vi har ikkje merknader til dei vurderingane som her er gjort.

Det går fram at det vil bli nokre restriksjonar på bruk av blautgjødsel og sprøytemiddel i ei sone rundt brønnane. Barstadvik vassverk nyttar også to lausmassebrønnar i området. Vi føreset at tiltaket er avklart med grunneigarane og vassverket.

Det er viktig med ei overvaking av grunnvasstanden. Vi er derfor nøgd med at det skal utarbeidast planar for overvaking og grunnvasskvalitet.

Konklusjon

Statsforvaltaren viser til kommentarane over og har ut over dette ingen vesentlege merknader til søknaden.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Ørsta kommune

Møre og Romsdal fylkeskommune

Dalevegen 6

Fylkeshuset

6153

6404

Ørsta

Molde